



Svein Ragnhildstveit
Krykkjeveien 10
4049 HAFRSFJORD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/469 - 16/31104

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
10.11.2016

Ferdigattest tilbygg - gbnr 102/49 Vabø

Administrativt vedtak. Saknr: 541/16

Tiltakshavar: Svein Ragnhildstveit

Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 09.06.2016.
Det vert elles vist til søknad motteken 07.11.2016.

Skildring

Adresse:	Vabøvegen 316
Bygningstiltak:	Fritidsbygg
Bygningsnummer:	19228967-1
Bruksareal:	13m ²

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for tilbygg fritidsbustad (uisolert vinterhage) på gbnr 102/49. Tiltaket må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.



Før det kan reistas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/469

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakar:

Svein Ragnhildstveit

Krykkjeveien 10 4049

HAFRSFJORD